



STORTINGET

Representantforslag 206 S

(2017–2018)

frå stortingsrepresentantane Per Olaf Lundteigen, Sigbjørn Gjelsvik, Sandra Borch,
Ole André Myhrvold, Liv Signe Navarsete og Siv Mossleth

Dokument 8:206 S (2017–2018)

**Representantforslag frå stortingsrepresentantane
Per Olaf Lundteigen, Sigbjørn Gjelsvik, Sandra
Borch, Ole André Myhrvold, Liv Signe Navarsete
og Siv Mossleth om å sikra fortrinnsretten for ham-
nearbeidarane**

Til Stortinget

Bakgrunn

Forslagsstillarane viser til at Högsterett i desember 2016 slo fast at norske tariffavtalar med fortrinnsrett til losse- og lastearbeid ikkje kunne vidareførast. Denne fortrinnsretten er heimla i ILO-konvensjon 137. Tariffavtalane var inngått mellom Norsk Transportarbeiderforbund (NTF) og NHO Logistikk og Transport (NHO LT).

Högsterett sa seg slik samd med EFTA-domstolen i denne konfliktfylte saka om hamnearbeidarane sin fortrinnsrett til losse- og lastearbeid ved offentlege hamner i Noreg. LO framheva i sitt sluttinnlegg i Högsterett at eit slikt utfall ville bryta med Grunnlova:

«En tilsidesettelse av Rammeavtalen er et inngrep som strider mot Grunnloven §101 sammenholdt med EMK artikkel 11 og andre menneskerettskonvensjoner Norge er bundet av.»

Forslagsstillarane viser til at den konkrete saka om handla det danske spedisjonsfirmaet Holship i Drammen, som tilsidesette dei organiserte hamnearbeidara- ne – i strid med tariffavtalar NHO så sent som 14. oktober 2016 forlenga med Norsk Transportarbei- derforbund. Ved ei rekke andre norske hamner hadde

arbeidsgjevarsida allereie utelukka mange av hamnear- beidarane som er tilsette ved losse- og lastekontorene.

Hausten 2017 vart NTF og NHO LT samde om ein ny tariffavtale for hamneverksemder i offentlege og private hamner. Avtalen, med namnet «Havne- og terminal- overenskomsten», erstatta dei tre tariffavtalane for hamnene: Rammeavtalen, Sør- og Nord-Norgeavtalen og Havneoverenskomsten. Den nye avtalen vart fort- laupande teken i bruk av avtalebedriftene og skulle sei- nast 31. mars 2018 erstatta ovannemnde tariffavtalar.

Forslagsstillarane viser til at den nye avtalen ikkje nemner ILO-konvensjon 137 (Konvensjon nr. 137 om sosiale følger av nye metoder for godsbehandling i hav- ner (1975)), som gjev registrerte hamnearbeidrarar for- trinnsrett til losse- og lastearbeid på hamnene.

ILO-konvensjonen er ratifisert av Noreg. Imple- menteringa av konvensjonen kan skje gjennom tariffav- tale eller gjennom lov eller forskrift. Forslagsstillarane meiner regjeringa må ta initiativ til endringar i lov eller forskrift for å realisera fortrinnsretten hamnearbeidrarar har gjennom ILO-konvensjon 137. Neste ILO-kongress finn stad i mai–juni 2018. Forslagsstillarane viser til at Senterpartiet meiner Noreg framleis skal vere tilslutta ILO-konvensjon 137. Men sjølv om fleirtalet på Stortin- get eventuelt skulle velja å seia opp denne konvensjo- nen i år, så er Noreg etter ILO sitt regelverk uansett for- plikta til å halde fast ved konvensjonen og dei forplik- tingane som ligg i konvensjonen fram til 2026.

Forslag

På denne bakgrunn sett forslagsstillarane fram føl- gjande

f o r s l a g :

Stortinget ber regjeringa leggje fram forslag til endringar i lov eller forskrift for å realisera hamnearbeidarar sin fortrinnsrett gjennom ILO-konvensjon 137.

10. april 2018

Per Olaf Lundteigen

Sigbjørn Gjelsvik

Sandra Borch

Ole André Myhrvold

Liv Signe Navarsete

Siv Mossleth